

Så blir det stilt

av Arne Lygre



www.detnorsketeatret.no

det norske teatret



Så blir det stilt

av Arne Lygre
til nynorsk ved Gunnhild Øyehaug

Ein: Tobias Santelmann
Bror: Morten Espeland
Ein annan: Håkon Mathias Vassvik

Regi: Torkil Sandsund
Scenografi/fotografi/kostyme: Dordi Strøm
Dramaturg: Kai Johnsen
Lysdesign: Gyril Høgberg
Lyddesign: Torkil Sandsund
Maske- og parykkdesign: Ingun Ihler Wagner
Regiassistent: Henriette Blakstad

Musikk: fAb + Kinetix, Jäh Division, Band of the H.M. Royal Marines, Keiichi Sugimoto,
Taylor Deupree, Jason Kahn, Svartsinn, Northaunt, Torkil Sandsund.

Forfattar Arne Lygre har mottatt økonomisk støtte frå Norsk kulturråd til scenetekstarbeidet.

Inspisient: Victoria Aase
Lyd: Igor Zamarajev
Videoteknikk: Raymond Stubberud
Lysmeistrar: Ellen Huuse/Terje Larsen
Rekvisitør: Tone Bernhoft Osa
Sufflør: Gry Hege Espenes
Scenekoordinatorar: Herve Huck/Andreas Zsidek
Kostymekoordinator: Anette Hellenes

Urpremiere 28. februar 2009 på Prøvesalen

Foto: Kristin Lyseggen
Bilda er tatt i prøveperioden

Det Norske Teatret satsar på ny norsk dramatikk. Når det no er klart for urpremiere på Prøvesalen, er det med ein av våre mest spennande forfattarar og dramatikarar. Arne Lygre debuterte med skodespelet *Mamma og meg og menn* i 1998. Stykka hans blir spelte både på norske og utanlandske scener, dei siste to åra mellom anna i Danmark, Tyskland, Frankrike, Portugal og Brasil. I 2007 hadde den legendariske franske regissøren Claude Régy regi på *Mann uten hensikt* på Théâtre l'Odeón i Paris. Régy sette i si tid opp Jon Fosse og hadde mykje å seie for Fosses internasjonale gjennombrut.

Arne Lygres nye stykke *Så blir det stilt* er ei tett, spennande, ubehageleg og fragmentert sceneforteljing. Tre personar snakkar fram situasjonar, fantasiar og opplevingar, og spelar dei ut seg imellom. Gjennom dette teiknar dei opp skisse av menneskeliv, og personane balanserer mellom innleving og distansert vurdering. *Så blir det stilt* viser fram etiske og eksistensielle dilemma knytt til seksualitet, politikk, vald og empati.

ARNE LYGRE om *Så stillhet* (i nynorsk versjon med tittel *Så blir det stilt*): – *Så stillhet* krinsar rundt personar som sit med ei undergangskjensle. Stykket har noko rituelt over seg. Alle scenene byrjar likt, og det er noko nærast tablåaktig ved kvar scene. *Så stillhet* handlar for meg mest om ei kjensle, om det ein anar, men ikkje kan setje ord på, meir enn om

ei narrativ forteljing som skal følgjast til ende. Det er også noko teatralt ved grunnstrukturen i stykket; skodespelaranes ord er lov. Det dei seier, definerer den vidare handlinga, og det er som om omgjevnadene endrar seg med menneska, ikkje omvendt.

TORKIL SANDSUND om framsyninga *Så blir det stilt*: – Stykket går føre seg i eit ikkje-rom framført av tre ikkje-karakterar.

Utfordringa med å iscenesetje dette ligg i å konkretisere det abstrakte på ein måte som gjer at det abstrakte forblir ope utan at det blir ei uforståeleg gåte. Lygre gir ikkje svar på kvar dei tre personane er og kva samanheng bileta har med kvarandre. Han leverer fragment som tilskodaren må byggje vidare på. Det viktigaste for meg i arbeidet med dette stykket har vore å nytte det potensielle assosiasjonsrommet som teksten gir.

Torkil Sandsund har regi på *Så blir det stilt*. Sandsund vart nominert til Hedda-

prisen for beste regi i 2007 for *Tvillingar* som gjekk på Prøvesalen på Det Norske Teatret. Scenografi og kostyme er ved Dordi Strøm. Ho har mellom anna gjort scenografi i framsyningar av gruppa "Sons of Liberty". I 2007 samarbeidde Sandsund (regi) og Strøm (scenografi) i den kritikerroste framsyninga *Mikal Hetles siste ord* av Edvard Hoem ved Sogn og Fjordane Teater.

